DEN NORSKE KYRKJA

DOVRE KYRKJELEGE RÅD

# Årsmelding 2019

**Innhald:**


| | |
|---|---|
| Rådsleiars refleksjonar | side 2 |
| Mål | side 3 |
| Organisasjon | side 6 |
| Kyrkjeleg arbeid og aktivitetar | side 14 |
| Kyrkjer og kyrkjegarder | side 30 |
| Økonomi | side 33 |




Elisabeth Torp, ny prest



Bispevisitas ved Solveig Fiske



Eysteinkyrkja – 50-årsjubileum

## RÅDSLEIARS REFLEKSJONAR

Det var det året Eysteinkyrkja var 50 år. Det var 25 års jubileum for Pilegrimsdager, eit arrangement som har stor spennvidde og ligg på eit kunstnerisk høgt plan. Det året det var bispevisitas og Dovrebygda fekk ny prest. Innsettelsesgudstenesta i fullsett Dovre kyrkje med kyrkjekaffe på Klokkerhaugen vart eit minne for livet. Det året konfirmasjon i Dovrekyrkja vart sendt på TV Norge i serien Alt for Norge og dei fyste ungdommane stod til konfirmasjon i Eysteinkyrkja. For staben var det og arbeidskrevande med gjennomføring av kyrkjevalg og skifte av råd.

Årstalet var 2019. Kanskje vil vi gløyme årstalet, men hendingane vil vi ta fram att i gode samtaler år etter år. Og ved å bringe året 2019 inn i bygdahistoria forma av muntleg forteljartradisjon, vil vi saman bygge kyrkja som viktig institusjon for bygda og folket.

Året 2019 vart eit viktig og hektisk år for kyrkjene i Dovre, ikkje minst fordi det vart mykje fin Dovrereklame spredd i mange kanaler. Når årsmeldinga nå er ferdig er det god dokumentasjon på stor verdiskaping i og kring kyrkjene i Dovre. Årsmeldinga fortel kva stort arbeid som er gjort frå dei tilsette og ikkje minst verdien av frivillig arbeid. Alt frå åpne kyrkjer til husvask og dei som vatnar nabograva når dei steller sine egne gravsted.
Det finnes så mykje godheit, omsorg og omtanke mellom innbyggarane i Dovre. Det kjenner eg ofte på både som rådsmedlem og vanleg, ordinær innbygger. Så har vi likevel ei oppgåve framover i å nå alle med den same godheit og omtanke.

Det er sagt at respekt er ikkje noko du får, det er noko ein må gjera seg fortent til. Det er ein påstand som ikkje heng saman med kyrkja i Dovre sitt motto: Ei kyrkje for alle heile livet. I dei orda ligg det at alle mennesker har ein verdi i seg sjølv og at vi alle bør etterstrebe eit menneskesyn der vi syner våre medmenneske respekt og omsorg. Det finnes så mange gode menneske som ikkje er så synlege. Det kan derfor vera at det er folk vi ikkje tenkjer over å spørja om ei teneste. Derfor er det så gledeleg når folk tilbyr seg og sjølv blir eg varm om hjarta når eg tenkjer attende på kyrkja sin «frivillig»kveld under bispevisitasen. God mat, Hub Huijs gav oss vakre toner. Likevel var det den gode samtala som gjekk på kryss og tvers over borda som gleda mest.

Vi menneska treng til samtaler, ikkje minst i vår digitale tidsalder. Årsmeldinga er eit nyttig dokument å bygge framtida sitt arbeid på.

Takk til staben, takk til både nye og avgåtte medlemmer i rådet og aller størst takk til frivillige og venner av kyrkja i Dovre. Både dei i bygda og alle venner vi har utanfor bygda.

Dovre 17. februar 2020

Guri Ruste
rådsleiar

# MÅL FOR ORGANISASJONEN

## Kyrkjeplan

Kyrkjeplanen er kyrkja sin verksemdsplan som seier kva visjon vi har, kva områder som blir prioritert og kva vi ynskjer å oppnå. Planen går ut frå kyrkjas formål: DNK er ei evangelisk-luthersk kyrkje,-  ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

## Evaluering av mål og planer for 2019

*Gjennomføre tiltak i kyrkjeplanen for å nå felles visjon: Ei kyrkje for alle – heile livet.*

Staben har dette med i alt sitt arbeid, og meiner at vi lukkast bra - til tross for utfordringar og meirarbeid knytta til prestevakanser og presteskifter.

| **Planer for 2019** | **Status** | **Merknad** |
|---|---|---|
| Markere Eysteinkyrkje-jubileum. | ✓ | |
| Gjennomføre Kyrkjeval 9. september. | ✓ | |
| Planlegge og gjennomføre bispevisitas 3.-8. desember. | ✓ | |
| Revidere tiltaksplan for bygg og anlegg. | ✓ | |
| Revidere trusopplæringsplanen. | | Utsatt frist pga. presteskiftet. |

| **Planer for 2018 – utsatt til 2019** | **Status** | **Merknad** |
|---|---|---|
| Skaffe ljostenningstad i Dovre kyrkje. | ✓ | |
| Arbeid med verneverdige gravminner. | ✓ | Har att å ferdigstille sjølve rapporten. |
| Revidere gravferdsheftet. | | Utsatt. Ikkje nok ressursar til alt som var planlagt. |
| Avklare behov og alternativ for minnelund ved kyrkjene. | | |

## Kort om planer for 2020

Dovre kyrkjelege råd vil i tillegg til vanleg kyrkjeleg drift:
- Planlegge og gjennomføre sikringstiltak på kyrkjebygg.
- Revidere trusopplæringsplanen.
- Revidere gravferdsheftet.
- Revidere lokal grunnordning for gudstenester (på bakgrunn av vedtak i Kirkemøtet).

## Kyrkjeplan 2018-2021

### Visjon

Ei kyrkje for alle – heile livet.

### Verdigrunnlag

Kvalitet, involvering og tradisjon skal prege alt vi gjer.

### Mål og tiltak pr. område

#### Gudstenester og kyrkjelege handlingar

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Fleire ynskjer å komme til gudsteneste.<br>Gudstenester og kyrkjelege handlingar med variasjon og høg kvalitet. | ○ Fleire tema-gudstenester - med bredde og variasjon.<br>○ Samarbeide med lag og foreninger om gudstenester.<br>○ Syte for eit variert og fagleg solid kyrkjemusikalsk arbeid som også involverer amatører og profesjonelle. |
| Alle skal kjenne seg velkomne og trygge i kyrkja. | ○ Kyrkjeverter som tek i mot folk.<br>○ Informasjon om gudstenesta før start. |
| Auke kyrkjelydens involvering (deltaking) i gudstenester og kyrkjelege handlingar. | ○ Legge til rette for deltaking og involvering.<br>○ Arrangere tekstlesarkurs.<br>○ Tilpasse innhald, form og salmebruk ved trusopplæringstiltak.<br>○ Bruke medhjelparar, m.a. konfirmantar og barn ved trusopplæring. |
| Bevisstgjere at DNK Dovre er ein del av den verdsvide kyrkja. | ○ Ha minst ei gudsteneste i året med fokus på misjon.<br>○ Ta med Misjonsavtale og aktuelle saker i forbønn. |

#### Barn og unge

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| 90 % oppslutning om dåp. | ○ Invitasjon til dåp.<br>○ Trusopplæring som tema i dåpssamtalen. |
| Barn og unge blir kjende og trygge med kyrkja, Bibelen, kristen tru og praksis. | ○ Gje tilbod om trusopplæring i samsvar med trusopplæringsplanen: Babysang, 4-årsbok, skolestart, fra jord til bord, tårnagent, dåpsjubileum, ljosvaken, konfirmasjon, ungdomsaktivitetar i samarbeid med andre sokn.<br>○ Styrke samarbeidet med skular og barnehagar:<br>- Tilby sangstunder, gudstenester, pilegrimsvandring, opplegg ved alle høgtider.<br>- Vektlegge kunnskapsformidling, tradisjon og kultur.<br>○ Støtte opp om deltaking på kristne leirar o.a.<br>○ Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar og andre. |

**Diakoni**

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Diakonen skal vere ein aktuell samtalepart for barn og unge. | o Diakonen deltek i barne- og ungdomsarbeidet for å inkludere diakoni i dette arbeidet og for å bli kjente.<br>o Samarbeid og kontakt med bl.a. skule og barnehage og med faste møtetider der. |
| Skape inkluderande møteplassar, også på tvers av generasjonar. | o Arrangere «Det gode måltid».<br>o Kyrkekaffe som sosial arena for kyrkjelyden.<br>o Tilbod om kyrkjeskyss.<br>o Bevisst fokus på felleskap og inkludering i trusopplæring, hyggekveldar o.l.<br>o Lavterskel-tilbod: I samarbeid med andre tilby rusfrie aktivitetar for ungdom. |
| Større fokus på rettferd. | o Ha rettferd og fasteaksjonen som tema for konfirmantar. |

**Kyrkjemusikk og kultur**

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Kyrkja skal vere ein arena for kultur. | o Skipa til årlege konsertar i alle kyrkjene i Dovre.<br>o Ferdigstille det nye orgelet i Dombås kyrkje i 2018.<br>o Små stunder med orgelmusikk i advent og fastetida.<br>o Gjennomføre 50-års jubileum for Eysteinkyrkja i 2019.<br>o Sang- og salmekveldar. |
| Fornye og formidle pilegrimstradisjonen til kyrkjelyd, pilegrimer og tilreisande. | o Planlegge og arrangere pilegrimsdager, og med slikt innhald og program at lokale deltek. |

**Kyrkjebygg og kyrkjegarder**

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Bygg og anlegg skal vere brukarvennlege, sikre og i god stand. | o Gjennomføre tiltaksplan for bygg og anlegg.<br>o Kartlegge status m.t.p. universiell utforming. |
| Kyrkjegardane skal vere ein verdig gravplass, ein stad for å minnast og med gravminne som ein viktig kulturarv. | o Utgreie minnelund ved kyrkjene.<br>o Utarbeide verneplan for gravminner på Dovre kyrkjegard og følge opp denne med avtaler, informasjon m.v.<br>o Lage ein heilheitleg grønn plan for Dovre kyrkjegard. |
| Gje tilbod om eit stille rom og ei god kulturoppleving gjennom sommeropne kyrkjer | o I lag med reiseliv, kommunen og friviljuge halde kyrkjene sommerope.<br>o Utvikle godt informasjonsmateriell om kyrkjene.<br>o Informasjonskveldar/kurs om kyrkjene for vertar o.a. |

**Informasjon, kunngjering og samfunnskontakt**

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Kunngjere kyrkja sin aktivitet og tilbod.<br>Informasjon om DNK Dovre er lett tilgjengeleg.<br>Dokumentasjon av det som skjer. | o Utgje fire kyrkjeblad årleg. Kyrkjebladet skal spegle den lokale folkekyrkja i form og innhald.<br>o Utgje årsmelding med brei dokumentasjon av aktivitet.<br>o Heimeside med informasjon om kyrkjas verksemd.<br>o Kunngjere aktiviteter med plakater, lokalaviser og FB. |

# ORGANISASJON

## Sokn og medlemskap

### Endring av soknegrenser
Soknegrensene mellom Dovre og Dombås sokn vart endra slik at den samsvarer med skulegrensa. På vestsida følgjer grensa Manningsåe. På austsida går den mellom Hågå og Bjørkholen. Endringa gjorde det enklare ved kyrkjevalet i og med at stemmestad for kyrkjevalet blir likeeins som ved kommunevalet. Også ei forenkling ved invitasjon til trusopplæring. Stad for deltaking, kyrkjelege handlingar og gravlegging kan fortsatt velgast fritt innad i kommunen.

### Medlemmer og endringar
I Dovre kyrkjekommune er det to sokn med tilsaman 2148 medlemmer.
Dovre sokn: 1060 Dombås sokn: 1088
6 personer meldte seg ut i 2019. 3 meldte seg inn.

### Tru- og livssynssamfunn i Dovre
Om lag 84 % av innbyggarane er medlemmer i Den norske kyrkja.
129 personer er medlemmer i 21 andre tru- og livssynsamfunn. Dei tre største er Oslo katolske bispedømme, Islamsk kultursenter Lillehammer og Human-etisk forbund.

## Kyrkjelydsmøte

Kyrkjelydsmøte 4. mai på Dombås hotell etter orgelkonserten i Dombås kyrkje. Ordinære årsmøtesaker.

## Kyrkjeval 2019

Kyrkjevalet var kunngjort og omtala i Kyrkjeblad for Dovre, nummer 2 og nummer 3. Samt annonser i aviser og på heimesida. Resultatet vart presentert i kyrkjebladet nummer 4.

Ved kyrkjevalet var det val til sokneråd/kyrkjelege råd og bispedømmeråd/Kyrkjemøtet. Lista for Dombås sokn hadde 10 kandidatar. Lista for Dovre sokn hadde 11 kandidatar.

Valstyret og kyrkjeverge deltok på vallkurs 28. mars på Otta. Kyrkjeverga var prostiets representant i nominasjonskomiteen for lek tilsette ved bispedømmevalet.

Førehandsval 12. august - 6. september på Dovre kommunehus og biblioteket på Dombås. Valting mandag 9. september kl. 8-19 i Dovre samfunnshus og Moskushallen, Dombås.

Valdeltakinga var i år 30 %. Det var ein liten nedgang frå sist val i 2015, men det er fortsatt høg deltaking i Dovre samanlikna med landssnittet. Om lag 1/3 førehandsrøysta. Det var ein stor auke frå tidlegare og skuldast i hovudsak at det var høve til å stemme ved kyrkjevalet på same stad og same tid som ved kommunevalet. Dovre kyrkjelege råd vil takke Dovre kommune som la til rette for det! Om lag 55 % gjorde endringar på listene til soknerådsvalet.

Valdeltakinga til bispedømmeråd/Kyrkjemøtet var 16 %. I Dovre fordelte stemmene til bispedømmerådsvalet seg slik: Bønnelista (12 %), Nominasjonskomitèens liste (49 %) og Åpen folkekirkes liste (39 %).

## Dovre kyrkjelege råd

Dombås sokneråd, Dovre sokneråd og Dovre kyrkjelege fellesråd er frå 1. januar 2005 eitt råd; Dovre kyrkjelege råd. Organiseringa er ei forsøksordning som er godkjent av Kultur- og kirkedepartementet fram til Kyrkjevalet i 2023. Rådet har det totale ansvaret for den lokale kyrkja, med unntak av det ansvaret som ligg til sokneprest og andre organ. Etter Kyrkjelova § 9 skal rådet ”ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet”, som gudstenester, dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diakoni. Som fellesråd har det også ansvar for kyrkjebygg, kyrkjegardar og dei tilsette. Kyrkjeverje/dagleg leiar Andgard er sekretær for Dovre kyrkjelege råd.

**Samansetning 2015-2019**

- Valgt frå Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen. Vararepresentanter: Randi Brennhaug, Anita Dybfest Frich, Reidun Marie Kveen, Irene Olsen Aavangen, Liv Kristin Rise.
- Valgt frå Dovre sokn: Guri Ruste, Sonja Rykhus, Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde. Vararepresentanter: Tove Jenny Qvan, Steinar Ola Landheim, Aud Reidun Bøe Øien, Svein Rune Berg.
- Geistleg representant (utnemnt av biskopen): Sokneprest. Prosten er varamedlem.
- Kommunal representant: Knut Nytun. Irene Olsen Aavangen er vara.
- Guri Ruste valgt som leiar og Steinar Botheim som nestleiar.

**Samansetning 2019-2023**

- Valgt frå Dombås sokn: Johnny Raatrø, Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Hanna Mølmen. Varamedlemmer: Jomund Endre Angard, Knut Arne Berget, Kirsti Vik Hjerkind, Randi Løkken Aspehol, Berit Kleiven Kronberget.
- Valgt frå Dovre sokn: Guri Ruste, Per Anders Håvelsrud, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad. Vararepresentanter: Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde, Ann Jorunn Storengen, Wenche Håvelsrud, Svein Rune Berg.
- Geistleg representant (utnemnt av biskopen): Sokneprest. Prosten er varamedlem.
- Kommunal representant: Knut Nytun. Irene Olsen Aavangen er vara.
- Valgt for eit år: Guri Ruste som leiar og Johnny Raatrø som nestleiar.



## Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2019 hatt 7 møter (eit pr. mail) og handsama 33 saker.

I tillegg til dei årlege saker som budsjett, regnskap, årsmelding og gudstenesteplan, har rådet handsama uttale ved tilsetting av sokneprest, ljosglobe Dovre kyrkje, kyrkjeval, Eysteinkyrkjejubileet, status- og tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg, bispevisitas.

Dialogmøte 6. juni mellom Dovre kommune (ordførar, rådmann, kommunal representant) og DKR (rådsleiar, kyrkjeverge).

## Utvalg og komitear

DKR har utvalg og komitear med særskilt ansvar for sine områder og innanfor vedteke mandat og ansvar. Diakoniutvalget 1 møte, jubileumskomite 5 møter, visitasgruppa 3 møter.

## Personale



*Staben saman med biskop og prost under bispevisitasen (Bjørn Lund var ikkje til stades)*

DKR er arbeidsgjevar for dei kyrkjeleg tilsette; 5 fast tilsette i tilsaman 3,4 årsverk.

| | | |
|---|---|---|
| Kyrkjeverje | 80 % | Elin Marit Andgard |
| Sekretær | 50 % | Vidar Aas |
| Kantor | 80 % | Jørgen Brandli |
| Kyrkjetenar | 100 % | Ola Rindal |
| Kyrkjetenar | 30 % | Bjørn Lund |

Trusopplæring blir ivaretatt av heile staben.

Organistvikar: Per Anders Håvelsrud. Kyrkjetenarvikar: Erik Magnus Andgard. Sumarhjelp: Ole Andreas Bjølverud Aas og Simen Andrè Moen, Daniel Johansson (arbeidspraksis). Guide ved sommerope Dombås kyrkje: Ingvild Marie Andgard.

Inger Gravem, diakon i Lesja og Dovre, er tilsett av Lesja kyrkjelege råd. Hamar bispedømmeråd refunderer inntil 50 % av lønnsutgiftene.

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest. Fungerande sokneprestar i Dovre 2019: Knut Nordhaug (januar - februar), Berit Kristin Klevmoen hadde stiftspraksis i Dovre 25. mars-28. april. Enkelttenester dekka av prostiets prestar og andre vikarar. Pga. prestesituasjonen hadde Inger Gravem avtale med Hamar bispedømme om ekstra arbeid og hovedansvaret for konfirmantane våren-19. Magnus Halle starta som ny prest i Lesja i mars.

☺ Og endeleg! Elisabeth Torp starta som ny sokneprest i Dovre 1. september.

## Helse, miljø og sikkerheit

Det er godt arbeidsmiljø og samarbeid i staben. Sjukefraværet var 5 %, dette er ikkje relatert til arbeidsoppgåver og arbeidsmiljø. Andel kvinner i staben ved årsskifte er 43 %. Det er god brannsikkerheit i kyrkjene. Ingen avvik.

Brannøvelse og førstehjelp for frivillige og ansatte, 12. juni. Om lag 35 deltok.





*TAKK til mannskap på brannstasjonen og hjulambulansa for god opplæring!*

## Representasjon, møter og kurs

<u>Representasjon</u>

- Pilegrimsmøte 8. april om åpne kyrkjer langs leia: Helle Hundevadt.
- KAs landsråd 29.-30. april: Guri Ruste representerte fellesråda i Hamar bispedømme.
- Årsmøte i Pilegrimssenter Dovrefjell 25. april: Guri Ruste og Knut Nytun.
- Dovrefjellkonferansen 26. oktober: Guri Ruste.
- Innsetting av ny prost Birgitte Bentzrød i Sel kyrkje 3. mars: Vidar Aas.

<u>Kurs for tilsette</u>

- Puls 7.-11. januar (Faglig påfyll og inspirasjon for kirkeansatte): Vidar.
- Inspirasjonsdag Kirkens Nødhjelp 18. januar: Inger.
- KA-konferanse (arbeidsgiverkonferanse) 18. mars: Elin Marit.
- Kirkepartnerdagen 4. juni (IKT m.m.): Elin Marit.
- Årsmøte for Hamar kirkevergelag 1.- 2. april: Elin Marit.
- Diakoni-dager 20. og 21. mars: Inger.
- Biskopens tilsynsdag for diakoner 7. juni: Inger.
- Biskopens tilsynsdag for trusopplærarar 15. juni: Inger.
- Kyrkjetenarkurs 23.-26. april: Ola.
- Kurs for redaktører i menighetsblad 19-20. september: Elin Marit.
- Arbeidsrettsdag i KA-regi 24. september: Elin Marit.

- Studietur 4.-11. mai: Inger.
- Kurs i heimeside 11. oktober: Vidar.
- Kurs i elektronisk arkiv: Elin Marit og Vidar.
- Trosopplæringskonferanse 6. november: Inger og Elisabeth.
- Stiftsdager (samling for prester i Hamar) 13.-14. november: Elisabeth.
- Forestillingen «Man er først et menneske» om seksuelle overgrep 23. november: Elisabeth, Inger, Elin Marit, 5-6 konfirmanter og ein foreldre.
- Samling for proster og kyrkjeverger i Hamar 11. desember: Elin Marit.

<u>Samarbeidsmøter</u>
Fagmøter i prostiet, t.d. kyrkjevergemøter og forum for trusopplærare, prestekonvent.

<u>Prostiprosjektet «Saman for kyrkja»</u>
Dette er eit samarbeid mellom fellesråda i prostiet og prosten. Det har som formål å auke tilsettes kompetanse og forståelse -> bedre samarbeid og kvalitet i verksemda -> utvikle tenester og fellesskap.
To samlinger gjennomført i 2019:
Reglar og bruk av kyrka, pilegrimsarbeid, 21. februar: Inger, Ola, Elin Marit,
Strategi for lokalkyrkja, 16. oktober: Inger, Ola, Elin Marit, Jørgen, Elisabeth, Bjørn.

## Informasjonsarbeid

- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med fire nummer som vart sendt til alle husstandar i Dovre, utanbygdsbuande som tingar det og fleire kyrkjekontor. Kyrkjebladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjelyden.










- **Årsmelding 2019** delt ut til kommunestyret og på kyrkjelydsmøtet 4. mai.

- **Informasjon til nyvalgt kommunestyre**: Kyrkjeverge informerte om kyrkjas rolle, funksjon og oppgave, i samband med opplæringsdag 18. november.

- **Heimeside**
  Kunngjering om kva som skjer, generell informasjon om dei kyrkjelege handlingane, kontakt-infomasjon, informasjon om råd og rådspapir.

- **Facebook**
  Brukt først og fremst om særskilde hendingar.

- **Plakater og annonser** om gudstenester og konsertar.

Vigga 12. september: Ny prest: Når fjellet kaller…



14 TORSDAG 12. SEPTEMBER 2019 VIGGA

**Ny prest**

Elisabeth Torp har sin første gudstjeneste i Dovre kirke søndag.

SIDE 14

Vigga 12.9.19 Framsida

# NÅR FJELLET KALLER …

– Det er nesten så jeg må klype meg i armen for å si til meg selv at her bor jeg, sier den nye sognepresten i Dovre fornøyd, der hun skuer ut av kjøkkenvinduet.

Elisabeth Torp (58) nyter den vakre utsikten utover dovrebygda, med fjellene som en vakker ramme rundt. Hun har vokst opp i Oslo, men har god kjennskap til Dovre og Lesja.

– Jeg er glad i fjellet. Det er derfor jeg har kommet hit. Jeg hadde mine barndoms somre ved Sjongsvatnet på Lesja, og Grisungvatnet på Dovrefjell. Fadderen min var en av døtrene til veterinær Lund Larsen på Dombås, som hadde hytte på Grisungen. Mens min fadder og hennes familie kjøpte hytte av Marit Holsbrekken ved Sjongsvatnet, forteller hun.

Faren døde da Elisabeth bare var ti år gammel, og da moren ble alene med de fire døtrene ble

FORNØYD: Elisabeth Torp (58) er glad for å bo i Dovre, og er svært glad i naturen i området.

Vigga 12. september: Kyrkjevalet i Dovre



VIGGA

12.9.19

# Kyrkjevalet i Dovre

Vigga har fått valresultatet frå Dovre.

I tillegg til dei valgte medlemmene fra kvart sokn, er soknepresten medlem i Dovre kyrkjelege råd samt kommunal representant, valgt av kommunestyret, opplyser kyrkjeverge i Dovre, Elin Marit Andgard. Ho fortel at det var 30 prosent valgdeltaking i Dovre.

I Dovre sokn vart valresultatet slik:

Medlemmer: Guri Ruste, Per Anders Håvelsrud, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad. Varamedlemmer: Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde,

Ann Jorunn Storengen, Wenche Håvelsrud, Svein Rune Berg.

I Dombås sokn vart valresultatet slik: Medlemmer: Johnny Råtrø, Eli Nytrøen Lyngen, Randi Brennhaug, Hanna Mølmen. Varamedlemmer: Jomund Endre Angard, Knut Arne Berget, Kirsti Vik Hjerkind, Randi Løkken Aspehol, Berit Kleiven Kronberget.

Vigga 7. november: Det gode måltid falt i smak



# Det gode måltid falt i smak

Menighetsrådene i Lesja og Dovre arrangerte «Det gode måltid» for å bli kjent med andres kulturer.

– Det hele startet sammen med flykningtjenesten for flere år siden, og siden det har det vært arrangert hvert år. Det er flere nye som kommer hver gang, noe som er bra. Jeg har ringt litt rundt og fått med meg disse flinke damene til å lage maten, forteller Inger Gravem, og peker på tre blide damer ved siden av seg.

Gravem har kokt med seg grøt, som en del av det norske kostholdet, og overraskende nok var det flere som likte den norske retten. Damene er fra ulike land, og har laget retter fra sine kulturer.

– Det er fint å kunne møte andre her over et måltid, sier Daria Nita (16) fra Frankrike.

– Jeg flyttet fra Somalia og har bodd her i ti år nå. Jeg har fått flere nye venner gjennom dette her, forteller Svad Alid.

Tanja Mostafa står ved siden av og forteller at hun har bodd her i tre år.

– Jeg kommer fra Irak, og har laget kurdisk mat fra min kultur, som jeg har tatt med hit i dag, forteller hun.

MALI TUNGEN
post@vigga.no

FLITTIGE DAMER: fra venstre Svad Alid, Tanja Mustafa og Salam Mawit med Inger Gravem i bakgrunnen.

Vigga 7.11.19

Vigga 5. desember: Første stopp på Bispevisitas: Imponerte med juleshow



Vigga 5 desember 19

Første stopp på Bispevisitas:

# Imponerte med juleshow

Biskop for Hamar bispedømme, Solveig Fiske, er denne veka på bispevisitas i Dovre.

Det var elevane ved Dombås barneskule som fekk æra av å ta imot biskopen, som la første stopp på turneen innom skulen, kor første- og andre klasse hadde stelt i stand adventssamling.

**Ljostenning og song**

Både foreldre, besteforeldre, lærarar og medelevar hadde benka seg ned i moskushallen på skulen saman med biskopen for å ta del i adventssamlinga.

Elevane hadde lagt opp til ei hyggeleg stund, med tenning av adventsljos, song og lesing av dikt.

Førsteklasse snakka også om kva advent og førjulstid betyr for dei, med alt frå kos med julebrus og godteri til at heile familien er samla julekvelden.

**Lærerike innslag**

Fiske tok også del i sjølve samlinga,

BISPEVISITAS: Biskop Solveig Fiske omkransa av elevane ved 1. og 2. klasse ved Dombås barneskule og prest i Dovre, Elisabeth Torp.

GD 5. desember: Martin på Hjerleid: Fikset engel til biskopen

Vigga 12. desember: Biskop på fjosbesøk: Tok et jafs av bispekorset


Vigga
LOKALAVISA FOR LESJA OG DOVRE
TORSDAG 12. DESEMBER 2019 | Nr. 46 | Årgang 33 | kr 30,-
Kua ville ta korset til biskopen
REPORTASJE SIDE 18


Biskop på fjosbesøk
# Tok et jafs av bispekorset


GUDBRANDSDØLEN DAGNINGEN | Torsdag 5. desember 2019
Martin (17) på Hjerleid:
# Fikset engel til biskopen

**Med god hjelp av Martin (17) skar biskop Solveig Fiske ut sin egen engel da hun kom til Hjerleid på Dovre tirsdag ettermiddag. Den gnistrende innledningen på bispevisitasen startet i smia.**

**TV-program**
Alt for Norge, episode 6 var sendt på TV Norge om hausten med tema: Norsk konfirmasjon. Konfirmasjonen i Dovre kyrkje 25. mai vart filma. Flotte bilder av bygda, kyrkja og seremonien. God Dovre-reklame!



**Kyrkja nevnt og/eller kyrkjebilder i samband med andre oppslag**
Vigga 10. januar: Dovrejul 2018
Vigga 10. januar: Varmer opp til nyttårskonsert (DDS)
Vigga 17. januar: Nyttårskonsert i Dombås kyrkje
Vigga 14. mars: Kommunestyremøte – Ingen midler til bispevisitas
GD 15. mars: Krangel om stort kalas for biskopen
GD 18. mars: Leserbrev: Jubileum, men intet kalas
Vigga 5. mai: Ny lavnedbørsrekord (med bilde av Dombås kyrkje)
Vigga 31. mai: Konfirmant på TV
Vigga 5. september: Frå Dovre til Amerika til Dovre igjen
Vigga 7. november: Valgt inn i både kommunestyre og menighetsråd: - Artig å lære noe nytt
GD 12. desember: Han fikk høyeste karakter: Nå er Per Anders i finalen i Ungdommens musikkmesterskap

## KYRKJELEG ARBEID OG AKTIVITETAR

### Gudstenester

| | 2019 | | | 2018 | | | 2017 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | antall | personar | snitt | antall | personar | snitt | antall | personar | snitt |
| Gudstenester på søn- og helligdag | 54 | 2645 | 49 | 54 | 2522 | 47 | 59 | 2884 | 49 |
| Andre gudstenester | 16 | 1276 | 80 | 12 | 1167 | 97 | 15 | 909 | 61 |
| Sum gudstenester | 70 | 3921 | 56 | 66 | 3689 | 56 | 74 | 3793 | 51 |
| Messe m/nattverd | 25 | 649 | 26 | 29 | 393 | 14 | 24 | 334 | 14 |
| Andakt Fredheim | 19 | 381 | 20 | 17 | Ca 340 | 20 | 13 | 205 | 15 |

- 5 gudstenester på Fredheim, 1 på Tollevshaugen, 1 på Hjellsetra og øvrige i kyrkjene.
- «Andre gudstenester» er skulegudstenester, aftensang, gudstenester på vekedager o.l.
- Konfirmasjonen i Dovre kyrkje 25. mai vart filma av TV-Norge (programmet Alt for Norge).
- Biskop Solveig Fiske deltok ved jubileumsmesse i Eysteinkyrkja 3. august samt ung ljosmesse i Dombås kyrkje og visitasgudstenesta i Dovre kyrkje under bispevisitasen i desember.





- Festgudsteneste 15. september: Elisabeth Torp innsatt som sokneprest i Dovre kyrkje * Konfirmantpresentasjon * Hausttakkefest.

### Kyrkjelege handlingar

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dåp | 22 | 13 | 19 | 22 | 18 | 16 | 24 |
| Konfirmasjon | 33 | 33 | 33 | 35 | 15 | 22 | 24 |
| Vigsel | 5 | 3 | 12 | 4 | 2 | 0 | 6 |
| Gravferd | 31 | 40 | 29 | 38 | 26 | 27 | 43 |

- Av 24 døypte har 21 bustadadresse i kommuna. 1 dovrebarn er døypt i andre sokn. Av dei som er født i 2019 og registrert som tilhøyrande (det vil seie at ein eller båe foreldra er medlem) er alle barn unntatt eit døypt eller innmeldt til dåp. 95 % oppslutning.

- 24 konfirmanter, 13 i Dombås sokn og 11 i Dovre sokn. 9 vart konfirmert i Dovre kyrkje, 12 i Dombås kyrkje og 3 i Eysteinkyrkja. 96 % oppslutning av medlemmar/tilhøyrande i aldersgruppa.
- 5 vigsler, 2 utanbygdsbuande brudepar. 160 personar totalt til stades.
- 43 gravferdsseremoniar med til saman 4470 til stades. 18 seremoniar i Dombås kyrkje, 19 i Dovre kyrkje, 5 i Fredheim kapell og ein på kyrkjegarden ved gravlegging. Ein person busatt i Dovre var gravlagt andre stader. Seremoni/gravlegging for to utanbygdsbuande samt ei urnednedsetting. 4 kremasjonar, av desse to askespreiing.

## Kyrkjemusikk

Kantor Jørgen Brandli er musikalsk ansvarleg for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Han deltok på fleire trusopplæringstiltak og konfirmantsamlinger (m.a. temadag om kyrkjelege handlingar), har sangstunder med barnehage og øving med skuleklasser før gudstenester.

Solistar og kor ved gudstenester

| | | |
|---|---|---|
| 20.04 | Påskeaftan, Dombås | Martin Berg |
| 21.04 | Påskedagen, Dovre | Martin Berg |
| 25.05 | Konfirmasjon, Dovre | Ola Jon Angard |
| 01.06 | Konfirmasjon, Dombås | Carina Lindsø |
| 09.06 | Konfirmasjon, Eysteinkyrkja | Martin Berg |
| 16.06 | Folkemusikkmesse, Dovre | Dovre Spelemannslag, Dovre dansarlag, folkemusikarar frå Røros og Brekken |
| 04.08 | Jubileumsmesse, Eysteinkyrkja | Carina Lindsø, Ingeborg Dalheim |
| 15.09 | Innsetjingsmesse ny prest, Dovre | Martin Berg |
| 03.11 | Helgemesse, Dombås og Dovre | DDS og Mari Midtli (solist) |
| 03.12 | Aftansong, Dovre | Hubertus Huijs |
| 08.12 | Visitasmesse, Dovre | Martin Berg, Per Anders Håvelsrud |
| 19.12 | Skulegudsteneste, Dombås | Martine Frich Ulheim |
| 20.12 | Skulegudsteneste, Dombås | Ann Mari Ruste |
| 25.12 | Juledagen, Dovre | Martin Berg, Ingeborg Dalheim, Per Anders Håvelsrud |
| 26.12 | 2. juledag, Eysteinkyrkja | Ingeborg Dalheim |
| 31.12 | Nyttårsaftan, Dovre | Hubertus Huijs |



*Folkemusikkmesse*



*Unge solistar, Carina og Ann Mari*

***Hjerteleg takk til alle solistar og musikarar!***

## Bispevisitas 3.-8. desember

Ei hovudsak for visitasen, var å setja fokus på det å vere ung i Dovre. Det var tema for fleire møtepunkt, og det var eit spennande felt å fokusere på og som også gav energi inn i visitasen. Føremålet med ein visitas er å stø, inspirera og rettleie kyrkjelyder og tilsette, og gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet.

Biskopens sitt visitasforedrag syner at biskop Solveig Fiske verkeleg har *sett* bygda, kulturen og alle dei ho møtte under visitasdagane. Gjennom programmet møtte ho om lag 1/3 av bygda. Tekster i blått er henta frå visitasforedraget, del 1 Oppsummering av dagane.

### Tysdag 3. desember

**Adventssamling - Dombås skule**



*Fellesskap. Vennskapsband med kvarandre gjennom dikt, lesingar, nye og gamle songar. Ein varm og inkluderande start på visitasen.*

**Møte med ungdomsrådet**



*Samtale om å vere ung i Dovre. Viktig å føle seg sett. Flott å sjå at ungdomsdemokratiet fungerer - dei unges stemme til dei styrande organa.*

**Møte med tilsette**

*Fruktbar og god dialog om viktige tema for kyrkja vår, organisering og utfordringar. Honnør til staben; det skjer myskje godt i kyrkjene og det er ein innsatsvilje og eit engasjement som det står respekt av.*

**Besøk på Hjerleid**



*Hjerleid som tradisjonsbærar og er ein viktig kulturarv. Elevane er og eit verdifullt tilskott i bygdene.*

**Song og kveldsbøn i Dovre kyrkje**



*Godt å gå inn i natta med ei roleg stund i eit velkome kyrkjerom, vakkert fylt med tonar av Hub.*

### Møte med Dovre kyrkjelege råd

*Ei arbeidsøkt om korleis vi kan utvikle kyrkjelivet. Drøfta fellesrådssaker som økonomi, den daglege drifta og kyrkjebygga. Eg nytta høvet til å rose alt arbeidet som er gjort av råd og stab, m.a. nytt orgel i Dombås kyrkje og Eysteinkyrkja sitt 50 års jubileum. Ikkje minst jobbast det godt med å halde kyrkjene ope for pilegrimar og lokale innbyggjarar.*

## Onsdag 4. desember

### Møte med formannskapet

*Vi delte nokre tankar om korleis det er å vere menneske her i kommunen. Samtale om kva det det inneber å ha ei grunnlovsforankra folkekyrkje, og kva dette kan ha å seie for eit lokalsamfunn. Viktig at skule/barnehage og kyrkja arbeider saman for å styrke beredskapen, og eit felles mål om å skape eit VI. Eg opplevde dette som eit konstruktivt og viktig møte, og oppfatta eit felles ynskje om ei levande lokalkyrkje til beste for folk som bur i Dovre.*

### Fredheim omsorgsenter

*Eg fekk anledning til å helse på bebuarar og tilsette. Vi heldt gudsteneste med nattverd i det flotte kapellet. Etterpå ein flott lunsj med bord dekka av tøydukar - eit hyggeleg fellesskap. Eg sette pris på å få gå ein tur rundt på avdelingane.*

### Gardsbesøk på Vigerust (kudrift) og Arnheim (saufjos)







*Å møte primærnæringa er alltid spennande og innbyr til gode samtaler. Drøfta kva arbeidet til jordbrukaren har å seie for storsamfunnet og kor viktig bonden ser si rolle i sysselsetjingsbilde. Dette vart eit godt møtepunkt.*

### «Stjernedryss» - Kulturskulens forestilling i Dombås kino

*Eg hadde stor glede av å oppleve dei flotte ungane og ungdomane utfolde seg på scena. Fint å sjå filmar frå kvardagen i kulturskulen, høyre lærarane fortelje om alt som inspirerer og gjev drivkraft i arbeidet deira. Ein flott kveld.*

**<u>Torsdag 5. desember</u>**

**Adventsamling i Dovre kyrkje**

  

*Barnehage og skule var spesielt invitert. Ungane hadde laga flotte englar og stjerner som var hengt opp. Vi song den vakre salmen Solbarn, jordbarn; «Hør oss, se oss. Stjernebarn, stig ned, så jordens barn i alle land, finner julens fred.»*

**Matpakkemøte med lærarar**

*Samarbeid skule/barnehage og kyrkje brenn eg for. Det handlar om å skapa relasjonar. Vi fekk høve til å bli litt kjente, gjennom å snakke laust og fast om ymse saker vi står i.*

**Spørretime med elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule**

*Elevar frå 10. trinn og 3. trinn studiespesialisering var godt budde med mange gode spørsmål; kva eg gjer som biskop og kva eg meiner om fleire samfunnsaktuelle spørsmål. Eg set alltid pris på å møte ungdomar, da det ofte er svært eksistensielle tema som blir lyfta fram.*

**Sangstund med Dombås barnehage**



*Flott å oppleve at ungane har så stor glede av songen. Også her hadde barna laga stjerner og englar og øvd inn songar knytta til årstida.*

**Møte på Heime om ungt reiseliv**



*Føretaka fortalde om seg og drivkrafta bak satsingane og utfordringar. Potensiale i samarbeidet mellom reiseliv og kyrkje.*

**Ung ljosmesse i Dombås kyrkje saman med konfirmantane**



*Å tenne eit ljos, er ei mektig bøn, og gjennom denne kvelden fekk vi saman gle oss over mysteriet i evangeliet, og syngje dei gode salmane.*

**Medarbeiderkveld for kyrkja sine friviljuge, råd og tilsette**

*Musikkinnslag. Takk. Høyre og sjå kor viktig friviljug arbeid er – på den internasjonale dagen for friviljug arbeid. Det vart ein kveld i takksemd for det store mangfoldet og mengda av alle dei, som gjer ein enorm innsats for kyrkja si i Dovre.*

**<u>Laurdag 7. desember</u>**

**Adventskonsert i Dombås kyrkje «for og med små og store»**





*Nydeleg musikk, varme og glede. Tende ljos for årets dåpsbarn.*

**Det gode måltid i kantina på ungdomsskulen**





*Felleskap rundt matbordet, møtepunkt på tvers av tru og kultur.*

**<u>Søndag 8. desember</u>**

**Visitasgudsteneste i Dovre kyrkje - <u>K</u>yrkjekaffe med visitasforedrag**





*Så er tida komen for å takka for visitasen. Hjarteleg tekk til alle som har planlagt og lagt til rette for oss. Takk for alle dei gode rapportane som vart sende inn på førehand. Takk for tillit, gjestfridom og hyggelege bordfellesskap. Takk til alle, for mange gode møter med mennesker i alle aldrar. Eg tek alle desse møte med meg, alle handtrykk, smil og ordskifte, ja, alt eg har opplevd under visitasen.*

*Hjarteleg takk! Takk for skifte!*
*Gud signe Dovre og Dombås sokn! Gud signe Dovre kommune!*

**Biskopens utfordringar**
Biskopen avslutta sitt visitasforedrag med 9 utfordringar fordelt på fem hovudområde:

1. Gudstenester og kyrkjelege handlingar
    - Sjå på gudstenestene i årshjulet til sokna, med tanke på å finne anledningar som kan gje folk ein ekstra grunn til å koma.
2. Omsorg og solidaritet
3. Barn og unge
    - Saman med kommune, skule og barnehage sjå på det faglege innsteget for samarbeid og kva slags arbeidsmetoder det er mogleg å bruke.
    - Vurdere kva tiltak som skal vidareførast når ein skal revidere planen for trusopplæringa.
    - Sjå på moglegheitane for å fremje dåp i lokalsamfunnet. Dette kan gjerast, ved til dømes å ta i bruk kyrkjeblad og nettsider.
    - Når sjansen byr seg, snakke med ungdomane kva det vil seie å arbeide i kyrkja, og lyfte fram utdanning i kyrkja som eit mogleg yrkesval.
4. Kyrkja i lokalsamfunnet
    - Gå gjennom rutine for budsjettarbeid mellom kyrkjeleg råd og Dovre kommune for å sjå om dei rette møtepunkta er på plass.
    - Drøfte resultat frå medlemsundersøkinga i råd og stab for å sjå om det er noko ein skal gjere annleis i det kyrkjelege arbeidet i Dovre.
5. Medarbeidarskap og organisering
    - Sjå på ulike måtar for å gjere kyrkja meir synleg i digital kommunikasjon.
    - Sjå på korleis ein kan utvikle vidare dei møtepunkta som allereie er i staben. Sjå også på møtepunkta mellom staben og kyrkjeleg råd.

## Trusopplæring - barn og unge

Dovre kyrkjelege råd har f.o.m. 2010 fått øyremerka trusopplæringsmidler. Biskopen har godkjent vår trusopplæringsplan. Kyrkjelyden skal tilby om lag 320 timer trusopplæring i perioden 0-18 år. Kyrkjerådet har fastsett at konfirmanttida skal utgjere minimum 60 timer.

Nedanfor er ein presentasjon av trusopplæringsarrangement i 2019 med informasjon om opplegget, antall deltakarar og oppslutning i % i parantes. Oppslutning vert rekna ut frå antall døypte i aldersgruppa. Nokre arrangement har høg oppslutning, andre lågare.

Større fokus på personvern og bildedeling, har ført til strengare og betre rutiner når det gjeld bilde av barn. Vi bruker berre bilder av unger der foreldra har samtykka.

Arrangementa har forhandsomtale i kyrkjebladet. Invitasjon vert sendt alle døypte og tilhøyrande (tilhøyrande er når barnet ikkje er døypt og minst ein av foreldra er medlem). Vi ynskjer alle barn velkomne til våre arrangement.

### Dåpssamtale

- Samtale med foreldre til 21 dåpsbarn (dei som bur i soknet).
- Antall døypte av målgruppa er 95 %.

### Dåpsljos delt ut til alle dåpsbarn

- Ved utdelinga seier presten: Jesus seier "Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys." Må dette ljoset skine for (barnets navn).
- Dåpsljoset kan m.a. brukast til å markere dåpsdagen seinare.

### Babysang

- Sang, leik og dans med sanger, rim og regler. Tid til å prate og drikke kaffe/te etterpå.
- Samarbeid med flyktningtenesta, biblioteket og helsestasjonen.
- Vår: 7 samlingar i biblioteket. Haust: 6 samlinger på Klukkarhaugen.
- 14 barn med foresatte; 8 frå Dovre og 6 frå Dombås (67 %).

### Kirkerottene

- Kirkerottene kom på besøk med teaterforestillinga Kirkerottene og Lea mus i Dombås kyrkje 3. april. Barnehagebarn frå Dovre og Dombås var særskild invitert.
- Om lag 50 barn.





**Mi kyrkjebok**
- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til fireåringane 1. s. i advent 1. desember.
- 9 barn (100%) i Dombås og 8 barn (89%) i Dovre kom og fekk boka.



4-åringer i Dovre kyrkje



Lyttande 4-åringer i Dombås kyrkje

**«Fra jord til bord» for 6 og 7-åringar**
- Eit opplegg for 6- og 7-åringar med gudsteneste og såing på skaperverkets dag 5- mai. Ingen deltakarar.
- Samling om hausten vart ikkje gjennomført.

**Skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum**
- Dei som starter på skulen blir invitert saman med sine skulefadrar som går på 5. trinn og er 10 år. Ei samling i forkant av gudstenesta 1. september. Tema: fadder, dåp og å være ein ven. 6-åringane får bok.
- Skolestart: 5 (50 %) i Dombås og 3 (75 %) i Dovre.
- Dåpsjubilanter 1 (13 %) i Dombås og 0 (0 %) i Dovre.





**Tårnagent**
- 9- og 10-åringar får hemmeleg invitasjon til å være tårnagent, og løyser oppdrag og mysterium. Fellessamling i Dovre kyrkje som avslutta med gudsteneste 31. mars.
- 5 agenter (25 %) frå Dombås og 6 agenter (26 %) frå Dovre.




**”Ljosvaken”**

- Ljosvaken handlar om å være vaken for seg sjølv, for andre og for Gud. Oppgåver som utfordrar alle sansane og samarbeid. Dramatisering av bibelhistorie og sang høyrer også til. Overnatting i kyrkja er spennande sjøl om alle ikkje søv like mykje.
- Felles i Dombås kyrkje 16. - 17. november.
- 4 frå 5.-7. trinn 3 (11 %) frå Dombås og 1 (4 %) frå Dovre samt ein konfirmant.




**Konfirmantåret**

- <u>Konfirmantleir saman med Lesja, Sel og Nord-Fron</u>
  Konfirmantleir i 5 dager 26. - 30. juni på Nordfjord folkehøgskule på Vereide, Gloppen kommune. Fem flotte, innhaldsrike dager med samhandling, båt, pilegrimsvandring, bibeltimer, gudstenester, leirkveld, sang og mykje meir.



*Konfirmantar-2020 frå Dovre på leir*

- <u>Samlingar lokalt:</u>
  - Perspektivtur til Fokstugu som oppstart om hausten – avlyst pga. været.
  - Samlingar med ulike tema, m.a. Handelspelet om rettferd, kyrkjegardsvandring.
  - Er med på ljosmesse (advent) og misjonsbasar i mars. Var også med under visitasgudstenesta.
  - Deltek i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
  - Temadag om kyrkjelege handlingar saman med Lesja 16. november.

**Reunion etter konfirmasjonen**
- Ikkje gjennomført pga. prestesituasjonen.

**Ungdom 15+, felles i prostiet**
- Dette er viktige møtestadar for ungdommane,- eit kristent rusfritt tilbod og dei blir kjent med ungdommar frå andre stader som dei møter att på vidaregåande skule.
- USB (**u**ngdoms**s**amling på Dom**b**ås) andre helga i mars med aktiviteter, samlingar, midnattsmesse m.m. 5 gutar frå Dovre deltok (7 %).




- Leiartrening før og under konfirmantleiren. 3 Dovreungdommer deltok som ungdomsleiar på konfirmantleiren. Før leiren var dei med på ei felles samling og ei samling for Lesja/Dovre samt leiardøgn. Ungdommane er gruppeleiar på leiren og viktige forbilder for konfirmantane. Det var god stemning og samhald.
- Førjulskveld på Otta med god mat, andakt, brettspill m.m. 1 Dovreungdom deltok.

## Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule

Det er inngått samarbeidsavtale mellom kommunen og kyrkja om mellom anna skulegudstenester, besøk, kontakt og pilegrimsvandring.

- 3. trinn på besøk i si kyrkje. Kyrkjetenar fortalde om kyrkjebygget, fokus på symbol.

- Pinsegudsteneste for Dovre barneskule.

- Pilegrimsvandring for 5.-7 trinn - 4 dagar i forkant av jubileet. Hans-Jacob Dahl hadde opplegget.

- Tre gudstenester før jul for barnehagane og dei tre skulane. Organist og prest hadde kontakt/besøk med barnehager og fleire skuleklasser i forkant om salmer m.v.

- Eldste gruppa frå barnehagane var på besøk i si kyrkja før påske. Prøvde orgel og song påskesalmer. Påskeduken vart rulla ut og alle fekk gå på den, studere og fundere kva dei ser. Opplegget er ved organist og diakon.




- Adventsamling i båe barnehagene ved diakon.

- Organist hadde 2 sangstunder med Dombås barnehage i Dombås kyrkje.

- Sokneprest Torp hadde møter med oppvekstsjef, rektorer og barnehagestyrere samt leiartemaet ved Dombås barneskule.

## Deltaking på kristne leir

Barn og unge frå Dovre som er på kristne leirar blir sponsa av Søndagskulen.
5 born deltok på Amigosleir på Kirketeigen våren-19 i regi av Acta/Normisjon.

## Diakoni

Diakonien skal være ein naturleg del av det totale kyrkjelege arbeidet. Mange i kyrkjelydane våre har også i år gjort mykje godt diakonalt arbeid gjennom å vise omsorg for sine medmenneske på ulike måtar.

- **Kyrkjekaffe** etter gudstenestene er eksempel på eit ynskje om å styrke det sosiale fellesskapet og gje høve for nye til å få kontakt og bli inkludert i eit fellesskap.

- **Kvinnenes internasjonale bønedag** og misjon vart markert 3. mars i Dombås kyrkje med ei gudsteneste inspirert av liturgi og opplegg frå kvinner i Slovenia. Kyrkjekaffe med misjonsbasar på Furukroken etterpå. Ei gruppe konfirmantar deltok.





- Konfirmantane deltok i Kirkens Nødhjelp sin **fasteaksjon** (bøssebæring før påske).

- Kyrkjelydane støtta **misjonsprosjektet** «Ein betre skuledag» i Nepal via Himalpartner, bl.a. ofring på Tollevshaugsmessa og misjonsbasaren.

- "**Det gode måltid**" - integreringstiltak.
  - 8 samlingar (fyrste laurdag i månaden). Mat frå ulike land, samtaler, avislesing og spel. 15-50 personer er med kvar gong.
  - Dette er interkommunalt samarbeid for Dovre og Lesja mellom kommunens flyktningsteneste, kyrkjelege råd og Frivillighetssentralen.
  - Diakoniutvalga i Lesja og Dovre har vore aktivt med i gjennomføringa og har sørga for kaffemat. Mange av våre nye vener frå andre kulturar har laga mykje spennande og god mat. Ofte er det mat som krev mykje tid å lage, så dei har ofte ein lang arbeidsdag bak seg når vi avsluttar Det gode måltid i 6-tida. Ekstra smakfull kaffe vart servert da Ruta brygga kaffe på eritreisk vis.
  - I tillegg til god mat har det vore mykje allsang. Odin Steen Kristiansen har spela trekkspel og Ivar Stende Simonsen har spela piano. Trekkfuglane og Berit Pedersen Berg har bidrege med god song og musikk.
  - Det gode måltid er eit arrangement der mange friviljuge bidreg med sitt.
  - *Ein stor takk for alle små og store bidrag!*

- Diakonen har kontakt med familiar og enkeltpersonar som har behov for å prate om utfordringar i livet, eller som treng hjelp og støtte på ulike områder i kvardagen.

## Konsertar og andre kulturarrangement

| *Konsertar/kulturarrangement med DKR som arrangør:* | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2019 | | | 2018 | | | 2017 | | |
| | antall | personar | snitt | | | | | | |
| Konsertar | 10 | 864 | 86 | 5 | 387 | 77 | 3 | 400 | 133 |
| Foredrag/utstilling | 2 | 120 | 60 | 2 | 140 | 70 | 2 | 95 | 48 |

**Orgelinnviing 3. februar med domkantor Kåre Nordstoga**
Søndag 3. februar ga Kåre Nordstoga offisiell innviingskonsert for det nye orgelet i Dombås kyrkje. Dette vart ei verdig markering, som sette sluttstrek for meir enn fem års innsats for å gje kyrkja eit nytt og dugande instrument.





Kyrkja var nesten fullsett av eit interessert og entusiastisk publikum. Dei fekk høyra eit timelangt, reint soloprogram, som gav ein brei presentasjon av ny-orgelets stemmefasettar og kapasitetar. Nordstogas programvalg spende frå J.S. Bach og Vivaldi til norsk og fransk orgelmusikk, inkludert eit par av hans eigne arrangement og improvisasjonar.

Konserten sette på dette viset orgelet i sitt rette perspektiv, - ikkje berre i kyrkjeleg samanheng, men som eit sentralt, tilpasningsdyktig og levande instrument gjennom skiftande epoker i europeisk kulturhistorie.

Etter konserten var det takkegåver frå arrangøren til utøvar og komitemedlemmar. Dovre kommune overrekte gratulasjonar til ansvarleg byggherre DKR. Og så vart høgtida avslutta med servering i kyrkja av «orgelbrus» og god, heimebaka kringle. Under konserten var det tend ljos på Per G. Brekkens grav.

**Orgelkonsert med Per Anders Håvelsrud i Dombås kyrkje 4. mai**



**Adventskonsert med unge musikarar Dombås kyrkje 7. desember**
Konsert i samband med bispevisitasen. Desse deltok: Ann-Mari Ruste, Carina Lindsø, Martine Alexandra Frich Ulheim, Anne Guri Dørum Hoelsbrekken, Fredrik Brækken. Samt kantor og lærar Jørgen Brandli.

**Romjulskonsert i Dovre kyrkje 29. desember**
Folkeleg og klassisk romjul ved Andreas Bjørkås, Jon Faukstad, Per Anders Håvelsrud. Martin Steinum Brun, Magnus Fremstad

**Konsertar i samarbeid med Dombås misjonsforening**

- Dombås kyrkje 9. mars: Team Skjærgårds
- Dombås kyrkje 29. mars: Arvid Pettersen, Johanne Fjellgaard, Ragnhild Miriam Pettersen
- Dombås kyrkje 6. november: Arvid Pettersen med dotter



*Team Skjærgårds*

## Eysteinkyrkje-jubileum og Pilegrimsdager på Dovrefjell

I 2019 vart pilegrimsdagane lagt saman med Eysteinkyrkje-jubileet 31. juli – 4. august. Pilegrimsdagene starta i 1994 i samband med 25-årsjubileet for Eysteinkyrkja.

- Konfirmasjonsgudsteneste 1. pinsedag med 3 konfirmantar, to av dei døypt i kyrkja og bur på fjellet. Første gong det var konfirmasjon i Eysteinkyrkja.



- Pilegrimsvandring for 5.-7. trinn ved Hans-Jacob Dahl.

**Jubileumshelga**

- Konsert 31. juli med Resonance – et kammerkor fra Praha, Tsjekkia, saman med Dovrefjell Disharmoniske selskab.
- Pilegrimsvandring Gautåsetra-Eysteinkyrkja 2. august: Tema: Eysteinkyrkja 50 år. Vandringsleiar: Hans-Jacob Dahl.
- Jubileumsforedrag «Dovrefjell gjennom 1000 år» ved Gro Steinsland, 2. august.
- Jubileumsgudsteneste laurdag 3. august - på dagen 50 år sidan kyrkja vart vigsla. Medverkande: Biskop Solveig Fiske, prest Hans-Jacob Dahl, organist Per Anders Håvelsrud, solistar Ingeborg Dalheim og Carina Lindsø.
- «Kyrkjekaffe» med suppe og kaker og taler i Hjerkinnhallen.
- Konsert med Edvard Hoem og Henning Sommero 3. august.
- Turmarsjmesse søndag 4. august. Dovrefjellmarsjen går frå Grønbakken over Hjerkinnhø til Hjerkinn fjellstue og er eit samarbeid med Ungdomslagene i Gudbrandsdalen, Østerdalen og Orkladalen.







- Prostidag 22. september. Gudsteneste i Eysteinkyrkja, kyrkjekaffe på Hjerkinnhus og pilegrimsvandring til Viewpoint ved Hans-Jacob Dahl.

## Utlån/utleige av kyrkjer til konsertar og kultur

Kyrkjene var leigd / lånt ut 6 gonger og det var totalt 700 til stades:
Dombås kyrkje 13. januar: Nyttårskonsert ved DMF og DDS.
Dombås kyrkje 14. januar: Forestilling ved Helga Samset for ungdomskule og vidaregåande.

Dombås kyrkje 23. november: Konsert med Violet Road.
Dombås kyrkje 8. desember: Konsert med Trygve Skaug.
Dombås kyrkje 12. desember: Førjulskonsert med Dombås musikkforening.
Dovre kyrkje 14. desember: Mukampen spelmannslag m.fl.

## Andre kyrkjelydsaktivitetar

### Medarbeiderkveld

- Medarbeiderkvelden er vorte ein god tradisjon for å takke alle som bidreg!
- 115 enkeltpersoner (tilsette, folkevalgte, friviljuge) har vore tekstlesar, kyrkjeverter, bidrege med praktisk arbeid, trusopplæring m.m. Vi inviterte også lag/foreninger som vi samarbeider med, kyrkjekaffe-vertskap og samarbeidspersoner i kommunen.
- 4. mai der vi starta med orgelkonsert i Dombås kyrkje, deretter måltid og kyrkjelydsmøte på Dombås hotell. Om lag 40 personar deltok.
- 6. desember i samband med bispevisitasen. Vel 50 personar deltok.

### Konfirmantjubileum

- Gudstenester 1. september i Dombås/Dovre kyrkje og felles middag og samvær på Toftemo turiststasjon.
- For 50 år sidan vart konfirmantalderen endra frå 14 år til 15 år. I 1969 var det såleis berre tre som vart konfirmert i Dombås kyrkje.
- Jubilantar Dombås: 0/3 – 2/8 – 0/0 (50 – 60 - 70 år). 2 deltok av 11 inviterte (18 %).
- Jubilantar Dovre: 0/0 – 8/19 – 5/17 (50 – 60 - 70 år). 13 deltok av 36 inviterte (36 %).

### Kyrkjekaffe

- Ved vertskapet på Hjellsetra i april.
- Ved eigarar/vertskap på Tollevshaugen etter setermessa i juli.
- Etter hausttakkefest/innsetting av ny sokneprest sørga Dovre bygdekvinnelag for bugnande kakebord og kyrkjekaffe på Klukkarhaugen.
- Etter helgemesse ved ”Piker, hviin og sang” på Dovre og sanitetsforeningen på Dombås.
- Enkel kyrkjekaffe i kyrkja etter dei fleste gudstenestene. Arrangementkomitèen har ordna kake ved fleire trusopplæringstiltak.

## KYRKJER OG KYRKJEGARDER

### Tiltak på kyrkjebygg

Dovre kyrkjelege råd valgte å ha meir sumarhjelp enn berre vikarar ved kyrkjetenarane si ferieavvikling. Dette for å få utført mange oppgåver som vi ikkje rekk i ein travel kvardag. Kyrkjeverga laga konkrete og prioriterte arbeidslister for kvar og ein, og svært mykje vart utført. I denne årsmeldinga har vi valgt å ta med også desse mindre oppgåvene i oversikta nedanfor, for å synlegjere dei små og viktige oppgåvene og som ei forklaring på regnskapets «meir-utgifter».

**Dovre kyrkje**

- Kjøpte ljosglobe i smijern med 36 ljos samt brannsikker glassplate under.
- Kjøpte trefiguren «Maria med barn», skore av Ragnvald Einbu 1938. Synt fram på visitasmessa.





- Lakka ryggstø på kyrkjebenker for å hindre at gammel raudmaling «smitter» av.
- Pussa og lakka alle golv og terskler.
- Sjekka tårn m.v. ved regnvær.
- Husvask av sakristi og grundig «julevask» før bispevisitas.
- Skifta varmtvannsbereder i kyrkja.

**Dombås kyrkje**

- DKR har kjøpt og montert luftfuktar for å halde luftfuktigheita i kyrkja på 35 % RF som er eit krav frå leverandøren.
- Ordna avstenging/lås til orgelgalleriet.
- Jostein Linderud og Martin Berg ordna nytt rekkverk i smijern ved sakristi-inngangen.



- Måla alle dører (i tre farger) og dørkarmer i våpenhuset.
- Ordna golvlister trappeoppgang og dørlister.

- Måla trappene til galleriet.
- Monterte ljosskinne/spottar  på orgelgalleri.
- Måla takutstikk og vindauge i 1. etasje (unntatt sakristi).
- Rydda kjellerrom under kyrkja.
- Grundig «julevask» før bispevisitas.

**Eysteinkyrkja**
- Festa/erstatta skiferheller på taket samt utbetra blekk-overgangen.
- Overflatebehandla vindauge, kors, vindskiver og Eysteinfigur.
- Reparerte blyglass-vindauge.
- Pussa og lakka golv og dørterskler.
- Måla vegger i kyrkjerommet (mursprekker fuga først).
- Kjøpte kasse til salmenummertall.
- Kjøpte to balkongflagg (feste på kvar side av inngangen).
- Monterte ljosskinne på orgelgalleri.
- Gullsmed Laura van Meter gjekk gjennom alt sølvet og pussa det.
- Kjøpte glassplate til altaret.

**Andre tiltak / felles**
- Maja Gule Løkken stelte messehaklar og kyrkjegardskapper (presteklede).
- Randi Brennhaug har - også i år - vaska altardukar og gardiner.
- Rydda/ordna sakristi og kyrkjerom (alle tre kyrkjene).
- Kjøpte golvløper til midtgangen i alle tre kyrkjene.
- Kjøpte julekrybbe (ikkje avklart om årets kjøp blir ståande i Dovre eller Dombås. Det må vere ein i kvar av kyrkjene, stor slitasje ved frakting fram og attande).
- Dovre og Dombås kyrkje hadde rosa flomljos i oktober - kreftforeningens aksjon.

## Tiltak på kyrkjegard og service/driftsbygg

**Dovre kyrkjegard og servicebygg**
- Hans Hovde har satt opp ny informasjonstavle, med glass og lås.
- Utbedra strømsøyler på kyrkjegarden.
- Satt opp to nye flomljos-armaturar.
- Rydda driftsbygg og driftsområdet.
- Makulerte gravminner som var tatt vekk etter oppseiing av feste. Fjerna gravminner der festet er sagt opp.
- Kontrollerte gravminner.
- Luka gangveg ved inngang. Klipte busker, luka buskebed og la bark under.

**Dombås kyrkjegard og servicebygg**
- Monterte tre nye flomljos-armaturar på kyrkjegarden.
- Installerte ljos i kjellaren i driftsbygget.
- Beisa ferdig alle utebenkar.
- Monterte ny isolasjon på kjølerør.
- Luka gangvegar. Klipte busker, luka buskebed og la bark under.
- Rydda driftsbygg.
- Fjerna gravminner der festet er sagt opp.
- Kontrollerte gravminner.

**Eysteinkyrkja sitt uteområde**

- Ola Håkon Korsvoll, Jomund Angard og Tor Amund Ruste grusa veg og parkering.
- Beisa utebenker.
- Felte bjørk framfor inngangen.

**Andre tiltak /felles**

- Kjøpte nye gravkors.
- Våronn-dugnad på båe kyrkjegardane.
- Møte med gravferdsbyrå 20. februar om rutiner rundt gravferd.

## Ope kyrkjer

Formålet er å gje vegfarande, pilegrimar og lokale høve til å komme inn i kyrkjene for å ha ei stille stund, tenne ljos, be ei bøn,- samt vise fram og fortelje om dei tre vakre kyrkjene våre.

Alle tre kyrkjene var ope i fleire veker og med skilting frå E6. Informasjon om opningstider og gudstenester om sumaren var sendt til reiselivet i Dovre. Kyrkjene er også registrert på nettsida www.kirkesok.no.

Friviljuge kyrkjevakter i Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja. I Dombås kyrkje var det tilsett ungdom og friviljuge i helgene. Å tilsette guide er mogleg med økonomisk støtte frå næringslivet og kommunen.
*Tusen takk til alle friviljuge kyrkjevakter som brukte ein eller fleire dagar for å halde kyrkjene ope! Takk til næringslivet i Dombås og Dovre kommune for god støtte!*

DKR har samarbeidsavtale med Pilegrimssenter Dovrefjell om bruk av Eysteinkyrkja. Dei sørger for ope kyrkje på ettermiddager og held tidebønn kvar dag kl. 20.30 om sommeren.

Opningstider

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dovre kyrkje | 30. juni - 4. august | dagleg kl. 10 - kl. 15 | 32 dagar |
| Dombås kyrkje | 24. juni - 4. august | dagleg kl. 10 - kl. 15 | 39 dagar |
| Eysteinkyrkja | 24. juni - 11. august | dagleg kl. 11 - kl. 21 | 63 dagar |
| | 12. - 25. august | dagleg kl. 16 – kl. 21 | |

| | 2019 | | 2018 | | 2017 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Besøk | Dagssnitt | Besøk | Dagssnitt | Besøk | Dagssnitt |
| Dovre kyrkje | 579 | 18 | 550 | 19 | 593 | 20 |
| Dombås kyrkje | 4215 | 108 | 4952 | 127 | 4747 | 110 |
| Eysteinkyrkja | 1910 * | 39 | 2834 | 40 | 3307 | 41 |

* besøkande på dagtid

Besøk av grupper etter avtale:
Folldal skule, Eysteinkyrkja 7. juni.
Nord-Østerdals prosti, Eysteinkyrkja 20. juni
Grupper i Dovre kyrkje, 20. juni og 24. juni og 31. august.

Vi prøver å imøtekomme forespørsel om besøk og guiding for grupper også utanom sumaren.

*Til slutt: Hjerteleg takk til kvar og ein som har deltatt og gjeve sitt bidrag og innsats i 2019!*

# ØKONOMI

## Om regnskapet

Regnskapet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd. Det er ført av Dovre kommunes økonomikontor og revidert av Innlandet Revisjon.

Driftsinntektene var kr 5.806.928 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 5.886.191, slik at netto driftsresultat vart kr -79.263. Kommunalt driftstilskudd utgjer kr 3.340.000 (samme beløpet som i 2017 og 2018), samt kalkulatoriske inntekter/utgifter på kr 120.000 i samsvar med tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja (føring av regnskap og lønn, kontor/lokaler).

Etter disponering av mindreforbruk frå 2018 (kr 253.750), netto bruk av bundne fond (kr 4.238), overføring til investeringsregnskapet (kr 11.929) og netto bruk av driftsfond (kr 100.000), er driftsregnskapet avslutta med eit mindreforbruk (regnskapsmessig overskudd) på kr 13.046.

Investeringsregnskapet består av nytt orgel Dombås (kr 166.810), renovering Dombås kyrkje (kr 10.422) samt egenkapitalinnskudd i KLP (kr 11.929). Investeringsregnskapet er avslutta i balanse.

Disposisjonsfondet er ved årets utgang kr 885.875. Fondet utgjer ein viktig buffer med tankje på dei økonomiske utfordringane Dovre kyrkjelege råd står overfor.

Nedanfor ei oppsummering av investering, drift og balanse. Moms/momsrefusjon er ikkje med.

## Investeringar

| Netto kostnader | | Finansiering |
|---|---|---|
| Luftfukter til orgel | 133.701 | Disp.fond, Dombås kyrkjefond, orgelfond |
| Renovering Dombås kyrkje | 8.338 | Dombås kyrkjefond. |
| Egenkapital KLP | 11.929 | Overføring fra driftsregnskapet |

## Driftsregnskap

| | *Regnskap-2019* | *Budsjett-2019* | *Regnskap-2018* |
|---|---|---|---|
| **Finansposter/avslutning** | **-107 278** | **-108 000** | **365 989** |
| Avsetninger til bundne fond | 7 660 | 0 | 5 547 |
| Overf. til invest.regnskapet | 11 929 | 12 000 | 85 578 |
| Avsetning til disposisjonsfond | 253 750 | 253 750 | 141 360 |
| Renteinntekter | -39 913 | -20 000 | -53 886 |
| Bruk av tidligere års overskudd | -253 750 | -253 750 | -66 360 |
| Bruk av ubundne fond | -100 000 | -100 000 | |
| Regnskapsmessig overskudd | 13 046 | 0 | 253 750 |

| **Driftsregnskap** | *Regnskap-2019* | *Budsjett-2019* | *Regnskap-2018* |
|---|---|---|---|
| **Felles** | **-3 375 785** | **-3 352 000** | **-3 455 700** |
| Driftstilskudd fra kommunen | -3 340 000 | -3 340 000 | -3 340 000 |
| Tilbakeført overskudd KLP | -35 785 | -12 000 | -115 700 |
| | | | |
| **Kyrkjelege administrasjon** | **1 246 739** | **1 277 000** | **1 068 454** |
| Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf. | 830 072 | 822 000 | 767 704 |
| Kontorutgifter (matr., tlf., porto) | 23 804 | 73 000 | 38 455 |
| Div.fellesutgifter (kurs, møte mm) | 89 793 | 45 000 | 17 422 |
| Revisjon | 24 000 | 38 000 | 37 200 |
| Lisenser, service | 122 540 | 110 000 | 108 318 |
| Utstyr, inventar, maskiner | 37 645 | 60 000 | 20 264 |
| Godtgjørelse folkevalgte | 48 667 | 62 000 | 73 274 |
| Andre rådsutgifter | 17 138 | 12 000 | 5 817 |
| Sokneradsvalg | 53 080 | 55 000 | 0 |
| | | | |
| **Kyrkjer** | **1 494 697** | **1 399 000** | **1 384 112** |
| Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf. | 923 744 | 938 000 | 927 025 |
| Strøm | 158 938 | 135 000 | 147 546 |
| Forsikring, bygg og anlegg | 128 593 | 128 000 | 120 206 |
| Andre driftsutgifter | 57 595 | 51 000 | 41 776 |
| Kjøp av tenester | 77 249 | 30 000 | 40 501 |
| Inventar og utstyr | 60 028 | 15 000 | 20 375 |
| Serviceavtaler | 65 756 | 55 000 | 65 314 |
| Vedlikehold | 72 282 | 75 000 | 38 370 |
| Avsetninger til bundne fond | 18 153 | 0 | 11 639 |
| Salg, brukerbetaling, husleie | -41 000 | -23 000 | -17 000 |
| Gaver, offer, tilskudd | -26 641 | -5 000 | -11 639 |
| Bruk av fond | | | |
| | | | |
| **Kyrkjegarder** | **430 808** | **443 000** | **451 593** |
| Lønnsutgifter inkl. ref. og int.overf. | 498 542 | 504 000 | 397 320 |
| Strøm | 35 944 | 28 000 | 30 878 |
| Kommunale avgifter | 34 069 | 35 000 | 36 705 |
| Opptak graver | 40 050 | 40 000 | 41 550 |
| Vedlikehald | 49 762 | 32 000 | 82 949 |
| Andre driftsutgifter | 44 555 | 45 000 | 39 042 |
| Inventar, utstyr, maskiner | 78 356 | 60 000 | 321 475 |
| Brukerbetaling | -8 000 | -6 000 | -9 000 |
| Festeavgift | -278 135 | -250 000 | -269 250 |
| Gravstell, netto inntekt | -64 335 | -45 000 | -60 076 |
| Bruk av ubundne fond | | | -160 000 |

| **Driftsregnskap** | *Regnskap-2019* | *Budsjett-2019* | *Regnskap-2018* |
|---|---|---|---|
| **Anna kyrkjeleg verksemd** | **310 818** | **341 000** | **185 550** |
| **Sokneråd** (kyrkjekaffe m.m.) | **44 169** | **20 000** | **9 212** |
| **Trusopplæring** | **20 977** | **92 000** | **-18 999** |
| Lønn, godtgjørelser, kurs | 156 350 | 176 000 | 145 170 |
| Materiell, mat m.m. | 57 553 | 60 000 | 22 829 |
| Inventar, utstyr | 10 288 | 15 000 | 11 662 |
| Støtte til leir/festival/USB | 16 050 | 44 000 | 27 820 |
| Avsetning bundne fond | | | 8 238 |
| Brukerbetaling, tilskudd, offer | -13 104 | -3 000 | -8 238 |
| Tilskudd fra staten | -206 160 | -200 000 | -226 480 |
| **Diakoni** | **194 580** | **195 000** | **188 828** |
| Lønn, godtgjørelser, kurs | 194 580 | 195 000 | 190 282 |
| Arr.utgifter | 14 883 | 14 000 | 13 547 |
| Avsetninger til fond | 6 276 | 0 | |
| Brukerbetaling, offer, tilskudd | -21 159 | -14 000 | -15 001 |
| **Kyrkjemusikk** | **0** | **0** | **0** |
| Konsertutgifter | 35 216 | 33 000 | 21 850 |
| Avsetning til fond | 3 314 | 0 | 9 658 |
| Billettinntekter | -32 384 | -30 000 | -23 835 |
| Tilskudd, offer | -6 146 | -3 000 | -7 673 |
| **Pilegrimsarbeid** | **26 415** | **0** | **0** |
| Adm.utgifter | 0 | 10 000 | 10 000 |
| Annonser, informasjonsutg. mv | 9 579 | 5 000 | 14 790 |
| Arr.utgifter | 48 594 | 35 000 | 26 226 |
| Avsetning bundne fond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne fond | 0 | -5 000 | -10 816 |
| Billettinntekter, salg | -31 758 | -15 000 | -10 200 |
| Tilskudd | 0 | -30 000 | -30 000 |
| **Sommeråpne kyrkjer** | **-338** | **9 000** | **6 509** |
| Lønnsutgifter | 35 010 | 36 000 | 40 594 |
| Andre utgifter | 10 823 | 6 000 | 4 709 |
| Avsetning bundne fond | | | 0 |
| Tilskudd, salg, gaver | -46 171 | -33 000 | -38 795 |
| **Kyrkjeblad for Dovre** | **25 015** | **25 000** | **0** |
| Produksjon og utsending | 95 670 | 109 000 | 76 552 |
| Avsetning til bundne fond | | | 46 298 |
| Annonseinntekter mv | -39 855 | -50 000 | -88 900 |
| Tilskudd, gaver | -30 800 | -34 000 | -33 950 |

| **Balanse** | *pr. 31.12.2019* | *pr. 31.12.2018* |
|---|---|---|
| **Investeringsfond** | **6 902** | **9 601** |
| Nytt orgel Dombås | 0 | 2 700 |
| Rest. trapp Dovre | 6 902 | 6 902 |
| | | |
| **Disposisjonsfond** | **1 000 875** | **947 125** |
| Disposisjonsfond | 885 875 | 732 125 |
| Nytt orgel Dombås | 0 | 100 000 |
| Kyrkjegardsmaskin | 40 000 | 40 000 |
| Minnelund | 75 000 | 75 000 |
| | | |
| **Bundne driftsfond** | **881 026** | **922 374** |
| Kyrkjefond Dovre | 46 129 | 45 317 |
| Kyrkjefond Dombås | 73 065 | 108 562 |
| Eysteinkyrkjefondet | 106 587 | 86 784 |
| Kyrkjebladfond | 46 298 | 46 298 |
| Rest. port og trapp Dovre | 166 143 | 163 220 |
| Kyrkjegardsfond | 22 346 | 21 846 |
| Dåpsopplæring | 44 615 | 44 615 |
| Søndagskolen | 28 607 | 28 588 |
| Konfirmantarbeid i prostiet | 44 466 | 58 969 |
| Minnegave Juniorklubben | 36 626 | 35 982 |
| Diakoni | 32 291 | 26 016 |
| Kyrkjemusikk | 90 050 | 86 736 |
| Konserter Dovre | 45 440 | 45 440 |
| Pilegrimsarbeid | 76 063 | 76 063 |
| Rådsstruktur | 22 300 | 22 300 |
| Prostiprosjekt | 0 | 25 637 |

Dovre, 17. februar 2020

Elin Marit Andgard
Elin Marit Andgard
dagleg leiar / kyrkjeverje